

Russefangane og bunkersane på Rundhaug

Nedskrive etter samtale med Magne Foshaug 31.05.05

Monument med gjenklang

Bunkersane på Rundhaug, som ligg innunder Storberget i enden av Sandkjosmoen ("leiren") på Rundhaug, har etter krigen mest stått ubrukt, eller vorte brukt som kjølestad for krettur under varme sommardagar, leikestad for ungar, eller som potetlager. Det er nemleg aldri frost her inne. I dei siste åra har dei fått eit nytt bruksområde: Korsang og andre musikkframføringar. Det er den eine av dei to bunkersane som blir brukte til dette formålet, og her inne er det ei heilt spesiell stemning og atmosfære, og ikkje minst flott akustikk. Er ein her åleine, kan ein høyre stillnaden berre bli broten av drypping frå tak og veggjar, som gjev ein mystisk og spanande etterklang. Mellemygd Mannskor har jamnlege framføringar her for grupper med gjestar frå Rundhaug Gjestegård, og dei fleste synest at dette er ein unik oppleving. Lyssettinga er då som regel berre eit titals te-lys og fjøslukter som blir sett ut på naturlege hyller i berget. Men, det er kanskje ikkje alle som er heilt klår over kva som ligg bak "uthulinga" av desse bunkersane av svette, slit, blod og tårer. Holegangane er nemleg laga av dei tyske okkupantane sine slavar under 2. verdskrigen - russefangane.

Russefangane

Dei russiske fangane på Rundhaug bestod av anslagsvis 70-80 menn, inkludert 8-9 offiserar. Offiserane var plasserte i ein stall som stod tom under krigen fordi hestar og



Fangelieren slik han såg ut under krigen. Same stad kor "Pølsefabrikken", "Snackbaren", og no "Blåhuset" ligg.

husdyr generelt ikkje var allemannseie lenger. Stallen var bak coop-bygget; omtrent der søppelcontainerane står i dag. Her vart fangane låste inn om kvelden under delvis vakthald. Offiserfangane hadde visse friheiter. Dei kunne til dømes gå enkeltvis ut og oppsøke stader i Rundhaugområdet der tyskarane hadde aktivitetar.

Dei øvrige fangane bodde i eit seks eller åttekant kryssfinér-hus som stod der den tidlegare Snackbar/kafe (no Nymogård-eigedom) står. Desse var under litt strengare konstant vakthald. Fangane deltok i slavearbeid for tyskarane på ymse stader i bygda, og sjølsagt: bunkers-jobbinga.

Sult, frost og lokal forbarming


Magne Foshaug, som var 13 år då krigen braut ut, hugsar ein god del av russefangane og krigstida slik den ellers fortona seg på Rundhaug. Dei fleste drivverdige sag-

bruk var okkupert av tyskarane, og her jobba "slavane" mykje. På Bakkehaug var det ei slik sag. Her kunne det jobbe 2-3 russarar, bevokta av like mange tyske vakter. Magne meiner at fangane hadde det ille, men kan ikkje hugse, og har ikkje høyrte om, at dei vart direkte mishandla. Han har heller ikkje høyrte om episodar der fangar vart skotne. Fleire av vaktene som passa på fangane, var austerrikarar i 50 års-alderen. Magne meiner at spesielt dei var reale mot fangene i den grad dei torte det. Hvis det kom folk forbi sagbruket og kasta mat i snøen til russarane, så snudde vaktene ofte ryggen til og oversåg at den vart plukka opp. Magne hugsar også at det stod ei tynne med flekt, salta torsk på gården. Her fikk russarane av og til lurt til seg filéter som dei stakk under frakken og tok med seg tilbake til fangehuset. Han hugsar også ein litt snodig episode: Tyskarane hadde ein tam

corp (ramn) som flaksa etter dei og fangane i bygda. Ein dag sette han seg på lem-brua på Bakkehaug, og ein tyskar la an mauseren og skaut på den. Korpen blei sårskoten, og hoppa av garde nedover mot Fagerhaug i nabolaget. Her fór den opp trappa med blod etter seg, og inn i gangen. Vakten sende fangane av stad etter han. Då dei fikk tak i han, vrei dei straks om hovudet og tok den med seg for å steike han. Ja, det var tydeleg at dei ikkje fikk raust med mat av tyskarane. Heller ikkje i klesvegen var det særleg stelt. Det var kalde vintrar i krigsåra, og gradstokken kunne krype godt ned i 40 grader. Likevel var russarane fillete og tynnkledde, og på føtene hadde dei for det meste tresko og "kjipp-sko". Det er eit under at ikkje mange forfraus seg, men det er jo truleg at nokre gjorde det. Bygdefolket leid med dei stakkars slavane, og forbarma seg over dei i den grad dei kunne, utan å setje både sine egne og fangane sine liv i fare. Det vart flittig strikka både lestar og vottar, og så snart det var mat å avsjå, prøvde ein å lure det til dei.

Kulturinnslag

Russefangane hadde eit eige kor, med eigen solist og dirigent. Magne minnest og at nokre av fangane hadde laga seg egne strengeinstrument (balalaika og mandolin?) av tre-emne dei var komne over. Om laurdagskveldane kunne ein vere vitne til eit vakkert opptrinn. Då stilte koret opp på trappa til fangehuset og song så det ljoma. Det fekk dei (kanskje merkeleg nok) lov til av tyskarane, men det vart ikkje godteke at bygdefolk samla seg for å høyre på. Ungdomane stima til frå heile området, men straks det vart fleire enn fire, vart dei spreidde og jaga bort. Dei samla seg då på den gamle Rundhaug-brua, kor dei i skjul



Fangeleiren.

likevel fikk høyre den såre og vakre songen til fangane. Solisten hadde ein sjeldan god og stødig stemme, men han vart plutseleg borte. Man fekk seinare høyre at han hadde fått tuberkolose, og vart sendt til sjukehus i Narvik kor han døydde. Så det er tydeleg at det ikkje var praktisert direkte nådelause mot desse fangane, -når dei til dømes vart sjuke og ubrukelege i arbeidet.

Hard kommandant

Foshaug hugsar at kommandanten for Rundhaug-leiren var ein berykta pådrivar av fangar og vakter. Når lastebilane kom med tømmer til saga og runda Vonheim-svingen (Gillund-svingen), stod det ein fange oppå bilen og gjorde teikn i vêret med ein arm til dei som var på saga for å varsle viss kommandanten var med i bilen. Då var det berre ein ting å gjere - å hive seg i jobbinga for fullt.

Magne hugsar og ein episode ein iskald vinterdag kor fangar og vakter hadde gått inn for å varme seg i storkjøkkenet på Bakkehaug, som under krigen vart brukt til skolestue fordi skolen på Jensberg var okkupert. Akkurat då kom kommandanten uventa inn, og vart stram i auga da han såg det. Fridt-

jof, far til Magne, gjekk då bort til han og sa morskt: "Det e' eg som har bedd dem inn i frosten, og ska' du ta nån, så må det bli meg!" Kommandanten vart nok litt forbausa over dette uventa motet, og han tødde faktisk litt opp, og episoden endte ikkje i noko verre enn det.

Stormfull natt


Natt til den 10. oktober 1944 hugsar Magne særst godt, for då har to episodar festa seg i minnet. Han og faren var og jobba og overnatta på Lundberg. Natta kom, og det var ei usedvanleg mørk og regnfull natt med mye vind. Plutseleg dundra det på døra midt i natta, og inn kom tyskarane brasande for å ta med seg Fridtjof. Han skulle til forhør i Tromsø angående ein episode frå sommaren det året, kor han hadde gått ut i elva og fått tak i oter-redskapet til ein tysk offiser som fiska der. Dette hadde han drefsa inn på land i irritasjon; han meinte at regelverket om forbod mot oterfiske skulle gjelde alle. Så det enda altså i at det no bar til Krøkebærsletta i Tromsdalen, kor han vart sett i to dagars arrest og avhøyr om episoden. Det vart berre med avhøyr, og Fridtjof kom heim igjen etter dette. Men

same natta skjedde det også at alle dei 8-9 offiserane som var innelåst i stallen på Rundhaug, klarte å rømme. Dei kverka hønsene som var i stallen ved sida av, for å ha dei med som "vegmat", og kom seg ut av eit låst vindu. I dekning av regnvêret og den mørke natta klarte dei å ta seg forbi vakten på kanonstillinga på den vesle haugen som har gjeve staden Rundhaug sitt navn, og over brua. Deretter kom dei seg innover Lapps karet og til Sverige.

Når det gjeld det å ta seg til rette med lover og reglar, som til dømes oterfiske-episoden, så praktiserte tyskarane samme regelverk som nordmenn. Offiseren hadde difor gjort noko gale. Det vart også drive ein del tjuvjakt på elg, og kom det opp i beviselig form at ein tyskar stod bak, så straffa tyskarane like hardt som om det skulle ha vore ein nordmann. Men i oterfiske-tilfellet hadde jo Fridtjof fornærma ein offiser, så det låg vel ei lita "provokasjons-fornærming" i sjølve handlinga også da...

Bunkers-slaveriet

Eg vel å kalle dei bunkersane, for dei er skapt av menneske. (Ei grotte, slik det feilaktig vert kalla, er uthula av naturen og vatn.) Bunkersane var eigentleg tenkt til felt-sjukehus, men vart brukte til ammunisjonslager og tilfluktsrom. Det er hola ut to parallelle bunkersgangar, med nokre meter imellom. Heilt innerst i enden var desse kopla i hop. Dei hjelpemidla slavane hadde, var primitive bor. Man slo på dei med sleggehamrar; éin heldt og dreide boret, mens ein annan slo på det. Etter kvart som ein kom innover i berget, vart bora forlenga, slik at ein enda opp med eit ca 4 meters langt hol. Når man hadde perforert berget med fleire slike hol, vart desse stappa i med dynamitt, og berget sprengt i



Inngangspartiet til Bunkersane (Grotta) lyssett slik det er i dag når ein kjem til konsert.

stykke. Deretter kom slitet med å frakte steinane på traller og ut. (Det er litt uvisst om det vart brukt skinnegående traller, men det er vel mest nærliggjande å tru at det vart valt ei slik løysing). Steinmassane vart brukte til å fylle opp myra som er framfor berget der bunkersane er, for å lage veg dit.

Tyskarane sine bor var ikkje meint for knallhardt fjell, men mest kalkstein slik dei sjølve var vant med. Borskjera var breie og dårlege, og arbeidet gjekk saktare enn planlagt. Magne har sjøl i fredstid vore med på å drive ut hol i berg på denne måten, -då med tynnare og betre eigna bor. Han fortel at man på ein 8 timars dag med hard drift og rett utstyr, kunne ta ut eit fire meter langt hol. Så då kan man jo sjå føre seg!

Etterspel ...

Etter krigen vart russefangane sendt heim til Sovjetunionen. Under Stalins styre fekk dei ikkje nokon betre skjebne enn under Hitler. Dei fleste vart sende til fangeleirar i Sibir, og kom kanhende levande attende til sine heimstader fyrst på 50-tallet då Stalinregimet vart oppløyst. Fangane hadde nemleg gjort den kriminelle handlinga å i det heile tatt la

seg ta til fange. Dei hadde faktisk ståande ordre om å kjempe seg til daude for Sovjetunionen, og det hadde dei ikkje gjort. Man kan lure på kva det var for slags politikk vi hadde i Norge, som bestemte at ingen av dei russiske fangane skulle få vere igjen her. Det fanst ingen unntak. Var det redsel for bamsefar i øst?

... og ettermæle?

Vi har bunkersane på Rundhaug som det einaste synlege symbol på russefangane sitt nærvær i fem år av vår Målselvhistorie. Kvar gong vi går inn der, bør vi i andektingheit minnast at bak denne dryppande stillnaden - i denne spesielle atmosfæren av mørke, lys og klang frå sang og musikk - ligg det like mange tonn med blodslit og smerte som det er frakta ut steinmassar! Og som ei oppfordring til kommune- og kulturansvarlege, burde bunkersane ha ein minneplakett i bronse i berget utafør, og noko som fortell litt om bakgrunnen for desse svære gangane. Også meiner eg at staden burde vore avmerka som kulturminneplass, om han ikkje er det enno.

Svein Åge Evenstad